

# 1923

## Magtstat - rettsstat.

Trykt i «Vor Verden» nr. 2 og 3, 1923. Disse artiklane hausten 1923 var noko av det siste Garborg skreiv. Han døydde 14/1 1924. Medan han arbeidde med desse artiklane, skreiv han i dagboka si at han fekk mindre og mindre tru på styrarar og parlament, men ikkje på rettsstats-tanken.

Dei samfundsvanskarne, verdi vår hev å dragast med, og som meir og meir vert samfundssjukdomar, hev sin grunn i, at staten, med all festtale um fridom, er bygd på magt — i staden for på rettstanken; — so lærer den danske sosiologen Severin Christensen.

Hovudverket hans, «Retsstaten, en fremstilling af det offentlige livs etik», kom ut for nokre år sidan, helst som eit innlegg i det moralfilosofiske ordskifte, som då var uppe i Danmark. Men med rettsstatstanken sin vann arbeidet «tilslutning over forventning», innan- som og utanlands; ja i Danmark hev verket reist eit rettsstat-lag, som arbeider med å få den etiske rettstanken inn i politiken. Og Christensen hev nå etter oppmaning frå mange, gjeve ut «Retsstaten» på nytt, formelt tillempa, so boki er lettlesli for alle. OG ho er verd å lesa: innhaldsrik og tankevekkjande og i sine synsmåtar ny; til fyremål hev ho å «påvise de nødvendige betingelser for at opnå en fuldt objektiv morallære.»

— Gjenom ei innføring gjev forfattaren eit kort utsyn yver etikhistoria. Her er nok sanningi den, at um etisk tenkjing lenge hev vore uppe, og um her er eit utal av «etikkar», so hev me ingen etisk vitskap; med meir eller mindre vitskapleg form, so er dei etiske bøkerne i røyndi berre preikebøker<sup>1</sup>. Og kvar av desse preikebøkerne hev si lære. «Retsstaten» spør då og: «Kan der gives en etisk videnskab?» — og hev eit heilt kapitel um spursmålet. Christensen kjem til det, at etikken kann bli ein vitskap — ein praktisk vitskap som t. d. økonomien eller lækjekunna —, når han lærer å byggje på ei sosial naturlov. Og den hev me i rettferds-(retts-) moralen, som etter Christensen er lavi for samfundslivet. Ein fær nok ikkje «so mykje med» i etikken, når ein byggjer på fast og klår vitskapleg grunn; men ein fær med det som retteleg høyrer med, og då skal ein nøgjast.

— Eit historisk utsyn gjev i raske drag framvokstren av den etiske tanken. Fyrst rådde magti. Men nakne magti rår berre so lenge striden for livet er den einaste samfundssaki; når vilkåri vert romlegare og livet lettare finn ho snart grunn til å søkje seg ein høgare rett: gjer seg med prestehjelp til representasjon av Samfunds guddommen. Millom dei «vise» kjem etterkvart fleire spursmål upp; soleis det um lovgjevingi. Jamsides dei bodi som gjeld for ei tid er der andre som held seg uppe stødt, og som dertil er nokoso-nær dei same for andre folk med; dei vert då haldne for å vera eit høgare slag, vera i framifrå meining guddomsbod. Sistpå vert det gjerne funne ut, at dei eldste og mest ålmenne bodi må eikorleis hava grunn i sjølve menneskjenaturi. I millomalderen vart det ein klårare skilnad på gudsbod og herrebod; tanken um, at for guddomen var alle like gjæve hadde dessutan gjenom den opphavlege kristendomen vunne so vidt magt, at den kunde sjølve kyrkja ikkje lenger heilt få livet av. Og etterkvart, serleg i reformasjonstidi, lærde mange å tenkje friare enn fyrr, liksom skilnaden millom gudsbodi og dei

---

<sup>1</sup> Eit og anna undantak er her, soleis v. Humboldts skrift um grensune for statsverksemd og Kants um vilkåri for ein verdsfred; deim godkjenner Christensen som vitskapsarbeid.

ofte rangvise fyrstebodi jamt vart klårare. Sistpå kom revolusjonstiderne, då det vart rett å prøve alt, ja då sjølve folket kunde hava meiningar. Det spursmålet vart då sterkt, so sterkt at ingen reaksjon kunde døyve det: kor mykje hev dei magthavande rett til å krevja av oss? Umveltingar gjorde ende på det gamle herreveldet. Men magti heldt seg; skifte berre hån; herreveldet var fleirtalsvelde. Og no kunde folket inkje segja; for fleirtalet, det var folket! Gjennom det folkevalde fleirtalet «styrde folket seg sjølv». Og folket måtte då få styre som det vilde?

Men gjennom fleirtalet var det endå staten som hadde magti. På ein meir lovbunden måte enn fyrr; men «staten, det er eg», det kunde fleirtalet segja likso godt som Ludvig den 14de. Staten fekk då og filosofar, som gjennom etiske skrifter heldt uppe magti hans og kalla ho folkemagt; og det var ikkje tyske draumfilosofar, dette, men praktiske engelskmenn, slike som Bentham, Herbert Spencer, Stuart Mill. Stats-allmagti vart soleis moralsk som ho fyrr hadde vore religiøs: det var pligt å arbeide for — ja i tilfelle ofre sin eigen bate for — velferdi åt so mange som mogeleg a: velferdi åt fleirtalet. Og kven kunde segja noko imot ein moral som var so moralsk, ja reint ut sagt næstekjærleg?

Strengt dømer Christensen den politikken som er oppkomen ved misbruk av denne velferdsmoralen. Og han sparar visst ikkje dei styrande i sitt eige land. Andsvarslaut, segjer han, «dynger de gjeld på gjeld på efterkommernes skuldre; og som sikkerhed for den gjeld peger de på deres skattemonopol, d. v. s. deres magt til ubegrænset at krænke eiendomsretten». Europa stend i det heile ikkje høgt i politisk moral; Christensen minner um verdskrigen, «dette hæslege og ydmygende billede af, hvor primitivt et standpunkt vor klodes politiske organisation endnu står på, og hvor afnægtige individerne er blevne under det demokratiske styre.» Verdi burde no sjå, «hvilket ynkeligt dilettanteri der skjuler sig under navnet «politik», og hvilke charlataner vore dages ledende politikere ganske gjennemgående er.» Det er sterke ord, men mange er det visst som ikkje finn dei for sterke.

Velferdsmoralen er nok no «saglig undermineret». Men «denne sidste og farligste af magtens forklædningeg», er enno i bruk millom dei styrande. Det gjeld då å finne ei grense for fleirtalsveldet; og den grensa læt seg berre setja, meiner Christensen, må me i staden for magtstaten — som trass i revolusjonar og «folkestyre» enno er til — f ær upp rettsstaten.

«Fridom» er eit negativt umgrip, eit ord som ingenting segjer utan når ein veit kva ein er fri for og fri til. Og mot den magtstaten som vil heite fridomsstat lyser Christensen krig; for mot det som no kallar seg fridom er det nettupp ein fridomskrig som trengst. Statsmagti, som ikkje kom upp fyrr samfundi var so store at den gamle sjølvstyremåten vart ubrukeleg, og som visste å lure seg innpå folket ved å vera det til hjelp i eit og anna (t. d. ufreds) tilfelle, — den hev visst å nytta alle politiske former, den republikanske med, til å «svulme op i»; me hev då berre eit å gjera: «sætte magten på sultekost,» «begrænse regjeringens opgaver til det nødvendige mindstemål med begrebet den etiske eiendomsret som ledestjerne.» Og so må spursmålet um den einskilde upp: hev ikkje kvar mann ein eignedoms-umkverv, som han sjølv åleine bør råde yver, og som bør vera heilag og ukrenkjeleg og tryggja mot styringsinngrip, kva for styremåte ein so hev? —

Det spursmålet krev svar. Og det svaret kann berre etikken, den naturlege rettslæra, gjeva.

Den «store revolusjonen» drøymde i si fyrste tid um eit fritt samfund bygt på rettstanken. Gjenom mennar som Voltaire og Montesquieu hadde den germanske rikstanken, so som han livde i England — den at staten er til for å verja borgar rett og fridom —, kunne ikkje lite magt i Frankrike. Men den romerske rikstanken — at borgaren er til for å halde uppe staten —, den fekk gjenom Rousseau og hans sveinar magti. Og so gjekk det som Laboulaye hev sagt: i staden for den gamle herredespotismen fekk folket fleirtalsdespotisme; fridomen vann det ikkje.

Ja ein del av folket, arbeidarklassa, kom under verre vilkår enn fyrr. Snart vakna då og arbeidarrevolusjonen. Den hev sidan halde fram, i skiftande former og med skiftande namn; og han held fram enno. Er elles ikkje komen lenger enn til fyrebuingar og streiking. (Utan i Russland?) Det er vanskelegt å få revolusjonar i gang no, må tru; for etter den «store» revolusjonen held borgarstaten seg godt væpna, — då visst godt nok mot heimeufredar.

Og med streiking nyttar det lite i det lange drag; svarar ikkje pengemagti med lockoutar, so er det med større løner som med høgare toll og dilike kunstråder; dei dreg etter seg høgare vareprisar, so det vert dyrare å liva. Med revolusjonar kjem ein ikkje heller langt Ein umstøyt kann rive ned gammalt — og det var den «store» glup til —; men det nye som vert sett i staden, det vil svara meir til kravi hjå den klassa som «vann» enn til folkekravi i det heile; og når då atterslag eller motrevolusjonen kjem, so ramlar det som umstøytten reiste, eller det vert umgjort, vanferdt. Betre gjekk det ikkje med den «store revolusjonen» heller, endå han hadde det meste av folket og mykje av intelligensen med seg: det var til slutt borgarstandet som tok magti.

Den samfundsumskipnaden som skal kunna vera folket til hjelp må vera av eit anna slag; — ein «rettferdig revolusjon» er det, rettsstatsmenneskene arbeider for. Den vil ved sosialt opplysningsarbeid og sosial kritikk samle folket um den nye samfundstanken, til dess rettsstaten læt seg gjennomføre ved reformer, «revolusjonerande reformer<sup>2</sup>», som er heilt — frå alle sidur — gjennomtenkte, og som då både gjeng djupt nok og rekk vidt nok, so samfundet endeleg frå den gamle «striden for livet» kann vinne fram til ålmenn arbeidsro og trygg framgang og kvar einskild f å , rimelege livskår og borgarleg og personleg fridom, vinne sin fulle ; menneskjelege rett.

Staten vert då og noko nytt. Upphaveleg ein magtskipnad, som ; hev halvt lurt og halvt tvinga seg innpå samfundet, og som ved ymse råder, mill. a. ved klok nytting av rett og religion, hev vunne både magti og den høgste vyrdnad, ja hev vorte so halvt guddom<sup>3</sup>) må han no bli samfundstea:ar: rettsstat. Og rett, dvs rettferdstanken må heilt bli den styrande i samfundslivet. Den einskilde fær då full rett yver alt det han på ærleg måte tenar, liksom samfundet vil liva av sine egne innkomur i staden for å røve med «skatt» og stela med «toll»; det som sameigni gjev av seg er det som no må bli nytta til sams bate, til samfundsturvterne.

Sameigni, samfundseigni, er alle naturskaptede verde. Ingen hev serrett på det som ingen hev arbeidt fram: på naturverde hev alle same retten. Og alle, det er samfundet, repræsentera ved rettsstaten. Den vil hava styret over dei naturverde som menneskje hev bruk fyre; og kvar som då treng eit naturverde, han fær rett til å bruka det, når han betalar samfundet ei fast årleg avgift for denne rett, serretten. Det er jordi, det mest vert spursmål etter, til dyrking eller byggjegrund; og kvar fær det han treng, når — og sø lenge som — han betalar avgifti (grunnskyldi<sup>4</sup>). No, då ein jord-«eigedom» «rett» gjenom dei siste par hundrad åri ved tankeløyse hev fest seg, vil det taka tid, eit halvt hundra år eller sa, å få den rette skipnaden upp att, slik som han kann høve etter

<sup>2</sup> Um den endelege overgangen frå magtstat til rettsstat sjå (Retst.. s. 206-9).

<sup>3</sup> Og det ikkje berre i einvelde-tidi; «vor demokratiske tidsalder driver en statsforgudelse af mindst ligeså udpræget art.» (Retst.. s. 87.)

<sup>4</sup> Grunnskyldtanken vart fyrst framsett ved ein skotsk tenkjar, Patrick Dove (1850) og seinare ved Henry George (1879).

vilkåri no; men når so langt lid, vil folk kunna liva av jordi som i gamle dagar. Og bonden vil verta sin eigen herre att, med han no meir og meir vert banktræl og statstiggjar.

Andre serrettar som samfundet finn grunn til å gjeva tek det like eins avgifter av. Og etter utrekningar som er gjorde, som og etter røymslur i engelske koloniar, der grunnskyldskipnaden meir eller mindre heilt er innført, vil samfundet klara seg godt med desse rettkomne inntekterne sine. Ja oftast må der bli overskot. For berre til dei fyremåli som alle finn naudsynlege kann i rettastaten samfundsinnkorne bli nytta. Og då vil mangt av det som no gjeld for samfundssaker «gå ut av budgettet».

Til avgift av grunnverdet hev samfundet rett, av di det sjølv skaper grunnverdet. lordi kann vera aldri so god, og gøyme aldri so mange verde, — verdlaus er ho, so lenge ho ligg unytta. Og um det, på ein præri t. d., slær seg ned ein jordbrukar her og der, — det som ved arbeid vert vunne høyrer arbeidsmannen til. Noko grunnverde kjem ikkje upp fyrr prærien tek til å bli «samfund» (det som vert framvunne ved jordbruk er arbeidsverde). Og soleis allstad. Jord som ligg unytta, eller so vidt avsides at ho berre kann gjeva brukaren rimeleg arbeidsløn, er avgiftsfri. Men di nærare ho ligg bygd, hamn, veg, bane, banegard, by, di meir gjev ho av seg ut yver arbeidsløni; og då fær ho «grunnverde», — meir og meir, ettersom folkemengd og liv aukar; ved storgatur i storbyar hev kvar rutemeter verde som ein storgard på landet. Men bygderne klarar seg, dei med; for um inntekterne der vert mindre, so vil og utgifterne vera mindre. «Skatt» vert det sidan ikkje tale um, utan det nokon gong skulde hende at grunnskyldi ikkje rakk til, då fekk staten krevja inn eit hjelpetilskot; og det måtte vera like stort for alle. For å skuldbinde folket, låne seg fram — lesse sine tyngslur av på born og borneborn — er ein urett som rettsstaten ikkje kann vera med på: han vert dessutan ikkje å få; når dei ikkje lenger kann bli trygda ved «statens plyndringsmonopal» «skatt»leggjngi. Men då rettsstaten ikkje fer med anna enn verkelege samfundsformål og serleg held seg ifrå krigsvillskapen som best han i desse halvkultur-tider kaØ, so vil han klara seg med sine rettkomne inntekter for det alra meste.

— Hovudtanken i «Rettsstaten» er det, eg her hev freista å få fram, so lesaren kunde få ein tanke um grunnsynet i dette so heilt sjølvstendige verket. Na fær eg slutte.

Rettsstaten vert «minimumsstat», — etter det engelske ordet «Please govern me as little as possible» og etter Nietzsche-kravet «So wenig als möglich staat.» Det folk i røyndi hev bruk for er då og berre «en autoritet som holder øie med deres foretagender og siger hvad der ikke bør finde sted»; tenar er det, staten skal vera. Frå eit «filantropisk eller kulturbefordrende' overformynderi» er han vorten «et rettsvern mod overgreb»; rettsstaten «indhegner et fredlyst område, et privatliv, hvor individet øver sin selvbestemmelsesret og råder suverænt — under ansvar.»

Severin Christensen sluttar med, at «et objektivt morallbegreb som fundament for den individuelle kultur» er det som framfor noko anna no trengst. «Så længe verden ikke anerkjender sådanne delingslinjer mellem individer indbyrdes og mellem individ og stat som kan udledes af selve samlivets væsen, vil magtstater afløse hverandre i uophørlig række og i alle mulige skikkelser. Men hvad enten de kalder sig demokratiske, socialistiske eller bolschevistiske, fælles for dem alle vil være deres fuldkomne mangel på evne til at skabe indre og ydre fredsvilkår.»

Og at «fred» utan ein gjennomført rettsskipnad ikkje kann verte anna enn våpenkvilder, um me lagar aldri so mange fredstraktatar og fredsparlament, det skulde vel Europa snart ha lært no?